



Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja. Dette inneber ein

T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på **T**-dagar.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293

(merk: trusopplæring)

Velkomen til **T₃**-dag

UNDRETUR i

Vangskyrkja

Laurdag 10. september 2016

(Sjå klokkeslett på side 3)



T₃



STØRST AV ALT

BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Kjære treåringsheim!

De har no eit barn i huset, fødd i 2013, og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 3-åringen er de no invitert til **T3**-dag.
Laurdag 10. September håpar me de vil koma i Vangskyrkja og verte litt betre kjende med dette store, rare huset.

Borna skal få gå rundt, sjå på og ta på, og oppleva kyrkja vår.

Vi kallar det ein undretur. Saman undrar vi oss over alt som finst i dette gamle huset.

Barnet kan koma saman med ein eller fleire vaksne. Det kan vera foreldre, besteforeldre, fadder, tante, onkel...

Me inviterer treåringane i to grupper (vår/haust), slik at det ikkje vert for mange på ein gong.

Turen tek omlag 1 time.

Kanskje de vil begynna å syngja litt på songen på neste side?

Kl 10:30 born fødd januar- juni.

Kl 12:30 born fødd juli- desember.

Med høve til å bytta.

- Gje beskjed:
- om barnet treng særskild tilrettelegging
 - om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
 - om de **ikkje** ynskjer at bilete av barnet skal brukast til presseomtale, internett eller brosjyre.

Eg er trygg hjå deg
Eg får be til deg
eg får lovsyngja ditt navn.
Du har tid for meg når eg
søker deg, min Herre min Gud.

Påmelding med klokkestett de ynskjer å komma, innen 09. september til 952 62 026

